

## FOLKEBIBLIOTEK I HORDALAND 2008

### Om statistikkføringa

Tal for 2007 blir presentert i parentes.

### Oversyn

I Hordaland er det 61 (62) bibliotekavdelingar. Det er bokbuss i 10 (9) kommunar og fylket har ein bokbåt med til saman 57 stoppestadar (53) fordelt på 21 kommunar. Dei mobile einingane har i alt 338 (323) stoppestadar i fylket. Bygningsmassen til alle folkebiblioteka og avdelingane utgjer 21 049 kvadratmeter.

### Samarbeid

29 av 33 kommunar samarbeidar med grunnskulen og ein kommune har eit samarbeid med vidaregåande skule. 79 institusjonar har eit samarbeid med folkebibliotek, desse får til saman 253 vitjingar i året. 5 bibliotek samarbeidar med museum, 6 har eit samarbeid med arkiv og 5 bibliotek har eit samarbeid med servicetorg og i tillegg har eit par bibliotek samarbeid med frivillighetsentralen i kommunen.

### Kompetanse

26 kommunar har fagutdanna biblioteksjef, det er totalt 91 fagutdanna bibliotekarar i arbeid i folkebiblioteka i Hordaland og desse fyller til saman 83 årsverk, i tillegg kjem 71 årsverk med anna kontor-/fagpersonale.

### Økonomi

Medieløyvingane har gått opp 4,4 % frå 14 423 798 kroner i 2007 til 15 067 034 i 2008. Dette utgjer i gjennomsnitt ei medieløyving på 32, 56 kr pr innbyggjar. Medieløyving pr innbyggjar er eit tal som varierar sterkt frå kommune til kommune. 12 av 33 kommunar har ei medieløyving som ligg under gjennomsnittet for fylket, medan fem kommunar har ei medieløyving på over 100 kroner pr innbyggjar. Til samanlikning kostar ei skjønnlitterær bok for vaksne omtrent 370 kroner, medan ei faglitterær bok for barn kostar omtrent 300 kroner.

### Brukarar

I gjennomsnitt besøkte kvar hordalending 4,5 gonger i løpet av 2008 og der lånte han i gjennomsnitt med seg 5,4 bøker og utførte i gjennomsnitt 5 søk i biblioteket sin bokdatabase. Hordalendingane stilte samanlagt 291 098 informasjon- og referansespørsmål og lånte til saman 2 508 161 medium, av desse var 1 663 625 bøker.

### Aktivitet

Biblioteka hadde ein total tilvekst på 114 104 nye media, av desse var 89 552 bøker og av desse att var 36 378 bøker til born. Biblioteka hadde 786 brukarorienteringar og på desse var det 13 067 brukarar, det vil sei at det i gjennomsnitt var omtrent 17 brukarar på kvar brukarorientering.

På dei 640 arrangementa som var i biblioteka kom det 25 840 brukarar, i gjennomsnitt var det omtrent 40 tilstades på kvart av arrangementa. I tillegg har biblioteka hatt 788 utstillingar kor 249 var for born.

### Nytt i statistikken for 2008


For første gang er det blitt målt kor stor prosentdel av dei nye bøkene som biblioteket kjøper inn som er bøker biblioteka mottar gjennom statens si innkjøpsordning. Det er og for første gong målt tal på søk i biblioteka sine databasar og det er blitt skilje mellom lån og fornyingar i utlansstatistikken. Ikkje alle biblioteka har fått system som fangar opp desse tala, difor er det først om eit par år at ein kan få gode data på desse nye områda.

MEDIEUTGIFTER PR. INNBYGGJAR			UTLÅN PR. INNBYGGJAR			BESØK PR. INNBYGGJAR		
Kommune	2007	2008	Kommune	2007	2008	Kommune	2007	2008
Modalen	kr 191,78	kr 210,08	Modalen	14,76	14,85	Modalen	18,81	15,40
Masfjorden	kr 84,51	kr 154,65	Osterøy	8,33	8,80	Odda	9,67	8,51
Fedje	kr 135,55	kr 140,63	Ulvik	8,93	8,28	Kvam	7,21	7,51
Eidfjord	kr 106,01	kr 121,42	Kvam	7,72	7,90	Fjell	7,46	6,84
Ulvik	kr 93,24	kr 101,50	Granvin	7,55	6,79	Øygarden	6,31	6,36
Odda	kr 59,96	kr 89,79	Øygarden	6,57	6,74	Fedje	6,29	5,91
Jondal	kr 58,30	kr 73,80	Fusa	6,66	6,69	Ulvik	5,95	5,87
Øygarden	kr 56,36	kr 73,18	Odda	8,27	6,55	Sund	3,11	5,16
Ullensvang	kr 68,52	kr 61,49	Samnanger	6,78	6,18	Bergen	5,25	5,06
Austrheim	kr 54,98	kr 58,00	Kvinnherad	6,31	6,13	Osterøy	5,84	4,79
Etne	kr 36,41	kr 51,97	Austrheim	6,34	6,06	Lindås	4,41	4,68
Fitjar	kr 45,19	kr 47,46	Bergen	6,05	6,03	Jondal	3,31	4,30
Fusa	kr 47,61	kr 46,27	Masfjorden	4,80	5,54	Os	3,31	3,91
Osterøy	kr 44,44	kr 46,27	Fitjar	4,89	5,49	Kvinnherad	4,42	3,82
Granvin	kr 66,99	kr 44,90	Fedje	5,62	5,42	Askøy	4,34	3,80
Samnanger	kr 44,71	kr 41,74	Vaksdal	4,67	5,35	Voss	3,40	3,18
Kvam	kr 54,81	kr 41,08	Jondal	4,81	5,04	Bømlo	3,30	3,06
Lindås	kr 31,41	kr 38,05	Meland	4,70	4,83	Fitjar	2,23	2,95
Meland	kr 38,34	kr 34,58	Os	4,03	4,80	Stord	2,30	2,47
Kvinnherad	kr 32,99	kr 34,32	Lindås	4,90	4,71	Granvin	2,68	2,36
Sveio	kr 27,80	kr 32,78	Voss	4,72	4,53	Eidfjord	3,83	2,25
Voss	kr 32,71	kr 32,39	Radøy	4,32	4,38	Meland	1,97	2,24
Bergen	kr 29,33	kr 30,07	Etne	4,11	4,31	Vaksdal	1,95	2,19
Radøy	kr 24,01	kr 29,72	Eidfjord	5,82	4,13	Fusa *1	-	2,13
Austevoll	kr 54,76	kr 26,22	Bømlo	5,19	4,03	Austrheim	2,29	2,03
Os	kr 21,18	kr 25,85	Askøy	4,14	3,78	Radøy	2,04	2,00
Vaksdal	kr 24,43	kr 24,35	Sveio	3,90	3,74	Sveio	2,04	1,98
Tysnes	kr 23,97	kr 23,80	Ullensvang	3,71	3,51	Samnanger	2,18	1,93
Askøy	kr 20,64	kr 23,79	Fjell	3,62	3,44	Ullensvang	1,77	1,92
Sund	kr 23,35	kr 23,56	Sund	1,74	3,39	Etne	1,71	1,82
Fjell	kr 26,21	kr 21,22	Stord	3,02	2,87	Tysnes	1,45	1,44
Bømlo	kr 25,25	kr 18,91	Austevoll	2,55	2,40	Masfjorden	1,20	1,19
Stord	kr 19,17	kr 16,24	Tysnes	1,55	1,79	Austevoll *2	-	-


\*1 Fusa kunne ikkje levere besøkstal for 2007

\*2 Austevoll kunne ikkje levere besøkstal for 2007/2008

## Prosentdel av det totale utlånet som er utlån til barn



## Statens innkjøpsordning, prosentandel av tilvekst



\*Fusa og Fedje folkebibliotek kunne ikkje levere datagrunnlag